



Hordaland Venstre Fylkestingsgruppa

Årsmelding 2016 Venstre si fylkestingsgruppe i Hordaland

1. Oppsummering frå gruppeleiaren

Fylkespolitikk får ikkje alltid den merksemda den fortener. Kast inn diskusjon om skulestruktur så kjem eit engasjement.

Venstre på fylkestinget er i opposisjon, og for Venstre betyr det å søke samarbeid for å få mest mogleg gjennomslag for den politikken vi har gått til val på. Derfor valde vi å støtte fleirtalet sitt budsjett då vi så at vi kunne få gjennomslag for å innføre ny sonestruktur i Hordaland frå 470 til 7 takstsoner.

Regionsreformen var ein viktig sak som Venstre gjekk til val på fordi det ikkje et tvil om at ein sterk Vestlandsregion vil vere ein motor for regionen som får stor betydning for næringsutvikling, nyskaping og som maktfaktor. Derfor vil me vere pådrivar vidare for å få det til. Me har sågar i vedtaket frå fylkestinget i desember invitert dei kommunar på Haugalandet som vil om å bli med i ny region då Rogaland diverre sa nei i denne omgangen.

Eg vil også i år oppfordre til å ta kontakt, gi innspel til oss i fylkestingsgruppa, det er vi heilt avhengige av.

2. Samansetning og representasjon

I 2016 har følgjande representert Venstre i Hordaland fylkesting:

Fylkestingsrepresentantar

Anne – Beth Njærheim	Gruppeiar, medlem av fylkesutvalet
Geir Kjell Andersland	Medlem av utval for Kultur, Idrett og Regional utvikling (KIRU)
Geir Angeltveit	Medlem av utval for Miljø og samferdsle (MISA)

Vararepresentantar

Elizabeth Toft Erichsen	Medlem av utval for Opplæring- og Helse (OPHE)
Torstein Gunnarsson	Varamedlem MISA
Ingrid Handeland	Varamedlem MISA
Bjørnar Hamre	Varamedlem OPHE

3. Organisering og arbeid

Gjennom året har fylkestingsgruppa hatt gruppemøter i forkant av fylkesting og møta i utval for miljø og samferdsle og utval for opplæring og helse. Gruppa har hatt både fysiske møter, men har også hatt ei god del møter pr. telefon.

Alle fylkestingsrepresentantar, dei to øvste vararepresentantane, Hordaland Unge Venstre og Hordaland Venstre vert invitert. Fylkestingsgruppa er glad for at leiaren i HUV er til stades på gruppemøta, og set stor pris på samarbeidet med ungdomspartiet.

Gjennom året har samarbeidet med fylkesstyret i Hordaland Venstre fungert godt. Gruppeleiar eller ein anna representant for gruppa har møtt på dei fleste styremøter i fylkeslaget.

Elizabeth Toft Erichsen var tilsett som sekretær for fylkestingsgruppa i 25% stilling heile året.

Politikk:

Gjennom samarbeid med Miljøpartiet dei grøne har vi vore heldige og har representasjon i alle dei fylkeskommunale utvala.

Innanfor samferdslepolitikken har HV stått for å løfta fram kollektivtrafikken. Gjennom nye ferjeanbod har det blitt vedtatt høge krav til anboda når det kjem til klima og miljø. Etter forslag frå Venstre har det blitt vedtatt at samtlege nye ferjeanbod og anbod for hurtigbåtar skal ivareta lærlingar, ved å ha lærlingar på alle kontraktar. Ei endring i takstsonestrukturen har vore veldig viktig for Hordaland Venstre, og dette fekk me gjennomslag for i budsjettsamarbeid med koalisjonen på fylket.

Innanfor opplæring – og helse har 2016 vore prega av skulebruksplanen og tannhelseplanen. Vi tok i mot innspel frå medlemmar, organisasjonar og skulane. Vi deltok på innspelsmøter, gruppeleiar møter og var på skulebesøk.

Skulebruksplanen som sak var krevjande på mange måtar. For oss i Venstre var det viktig å signalisere kor viktig det er å ha fokus på eleven og kva vil tilbyr dei, og kva tilbod og dimensjonering ein har som førebygger og helsefremjer. Med det meiner me fokus på tiltak som førebygger fråfall.

Tannhelseplanen var og ei krevande sak. Vårt primær ynskje var å behelde dagens struktur, og avvente avklaring på kva oppgåver dei nye kommunar og regionar var avklart.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling har eit breitt politisk arbeidsfelt. Forutan kultur- og idrettssaker, tek utvalet stilling til kommunedelplanar og småkraftverk. Venstre har vore oppteken av å finne god balanse mellom omsynet til lokaldemokratiet og best mulig regional utvikling. Vidare har Venstre arbeida aktivt med fremming av Hordaland si landsleiande rolle på kulturfeltet, og idrettens viktige betydning for folkehelsa.

I budsjett for 2017 valde vi eit samarbeid med koalisjonspartia og fekk støtte til nokre av våre viktige saker.